

Eigarstrategi

for

Skyttel AS

## Bakgrunn

Skyttel AS er eit norsk aksjeselskap eigd av Vestland, Rogaland og Agder fylkeskommunar. Dei tre fylkeskommunane kom inn på eigarsida i 2017.

Skyttel er eit teknologidrive selskap, og tilbyr ulike tenester og løysingar for transaksjonar til transportsektoren, som mellom anna transaksjonshandtering, samanstilling av data og analysing av datagrunnlag.

Det opphavlege selskapet Skyttel AS vart stifta 18. desember 1953 med kontor i Bergen. Verksemda har i snart 70 år drifta betalingsløysingar og forskjellige bompengeprojekt. Selskapet si tidlegare bompengeverksemd er i dag ein del av bompengeselskapet Ferde AS. Den kommersielle delen av selskapet, som ikkje kunne kombinerast med drift av bompengeselskapet, vart vidareført i det opphavlege selskapet. Skyttel AS-namnet vart til 04.07.2018, då BT Signaal AS skifta namn til Skyttel AS.

Utfiering av bombrikker til bilistar har fram til i dag blitt handtert av dei ordinære bompengeselskapa. Samferdselsdepartementet har bestemt at denne delen av bompengeselskapa si verksemd skal skiljast ut og kommersialiserast, for å etablere uavhengige utfierdarar. «Forskrift om utsteder-virksomhet for bompenger og ferjebilletter» (utstederforskrifta) vart vedteken 14. desember 2018 og trådte i kraft 1. januar 2019. Skyttel AS har fått godkjenning som AutoPASS-utfierdar etter forskrifta § 21. Skyttel AS er eit av få norske godkjente utfierarselskap for bompengar og ferjebilletter.

Skyttel AS forvaltar og driftar betalingsløysinga AutoPASS for ferje på vegner av Statens Vegvesen. Skyttel AS har inngått databehandlaravtale med Statens Vegvesen i tråd med personvernforordninga (GDPR).

Skyttel AS er organisert som eit aksjeselskap og følgjer aksjelova sine reglar. Dei tre fylkeskommunane eig ein tredjedel kvar av aksjane i selskapet og har to styrerepresentantar og ein vararepresentant kvar i styret.

## Føremålet med eigarstrategien

Eigarstrategien har til føremål å definere kva som skal vere kjerneområdet for selskapet si verksemd, fastsette rammer for organiseringa og rammer for eigarstyring og selskapsleiing. Eigarstrategien skal reviderast ved behov, men minimum éin gong i løpet av fylkestingsperioden.

## Føremålet og overordna målsetjing med selskapet

Føremålet med eigarskapet i Skyttel AS er å ta del i eit fellestiltak som kan gje effektiviseringsgevinstar, brukarvenlegheit for kundane og innovasjon og utvikling i bransjen. Føremålet med eigarskapet er også å bidra til at det er norske aktørar i utfierdarmarknaden, og å bidra til å oppretthalde konkurranse i denne marknaden. Utover dette er føremålet med eigarskapet finansielt. Skyttel AS er eit kommersielt selskap og kan gje eigarane økonomisk utbytte.

Fylkeskommunane sitt eigarskap i Skyttel er eit resultat av den statleg initierte bompengereforma. Fylkeskommunane vart eigarar av Skyttel AS i samband med etableringa av bompengeselskapet Ferde AS.

Selskapet sitt føremål er verksemd relatert til bompengetenester, under dette AutoPASS bompenge- og ferjebetaling, driftstenester og systemløysingar og elles anna verksemd i tråd med vedtektene § 2.

## Krav til selskapet si verksemd

Skyttel AS er eit kommersielt selskap som har verksemd relatert til systemløyningar, driftstenester og kundetenester innan betalingsformidling, innkrevjing og rapportering innan transportsektoren. Selskapet si verksemd skal til ei kvar tid drivast i samsvar med gjeldande regelverk.

Eigarane forventar at drifta av selskapet er effektiv, at den skjer i samsvar med bedriftsøkonomiske prinsipp, at alt utarbeidd talmateriale kan dokumenterast og verifiserast via standardmetodikk, og at selskapet sin bruk av midlar skal vere i samsvar med generelle forventingar til ressursbruk i offentleg eigde selskap.

Det skal til ei kvar tid gå fram av vedtektene kva som er selskapet sine mål og strategiar. Eigarane skal gjennom generalforsamlinga oppfordre til at selskapet har oppdaterte vedtekter, og på eige initiativ ta opp vedtektene til revidering om nødvendig.

Eigarane er opptekne av at selskapet aktivt tek ansvar for klimakrisa som verda ser i dag, og derfor tek del i Noreg sine klimamål for 2030, som er å redusere utsleppa med 50-55% mot 1990-nivå. Selskapet skal dokumentere og rapportere på kva tiltak som er sett i verk og effekten av desse. Vidare er eigarane opptekne av at selskapet tek samfunnsansvar og driv verksemda i tråd med kva som er etisk forsvarleg. Selskapet skal ha etiske retningsliner og etikk skal kjenneteikne selskapet og selskapet si verksemd, frå val av samarbeidspartnarar og investeringar til tilsette sine arbeidsvilkår. Etiske spørsmål skal vere del av arbeidet med forretningsstrategi og utvikling av verksemda. Dei etiske retningslinene bør vere i samsvar med FNs Global Compact sine ti prinsipp og NUES sine retningsliner for eigarstyring og selskapsleiing.

Etiske og forretningsmessige prinsipp og praksis i selskapet skal være i tråd med fylkeskommunane sine eigne prinsipp og praksis så langt det er mogleg. Selskapet skal aktivt arbeide for å forhindre lovbrøt og korrupsjon. Selskapet er ikkje omfatta av offentleglova, men styret skal vere bevisst det offentlege eigarskapet og eigarane forventar at selskapet jobbar for mest mogleg openheit.

Eigarane viser elles til forventningar om samfunnsansvar, miljø og etikk skildra i eigarane sine eigarskapsmeldingar. Eigarskapsmeldingane er tilgjengelege på eigarane sine nettstadar.

## Krav til styret:

Eigarane stiller følgjande krav til styret:

- Styret skal tileigne seg nødvendig kompetanse gjennom for eksempel introduksjonsprogram, fagseminar og styreseminar om relevant lovverk, roller, ansvar og oppgåver.
- Styret skal fastsette ein årleg plan for arbeidet sitt med utgangspunkt i vedtektne mål, strategi, oppfølging og gjennomføring.
- Styret skal fastsette instruks for styret og dagleg leiar med særleg vekt på intern ansvars- og oppgåvefordeling.
- Styret skal årleg evaluere eige arbeid.
- Styremøteprotokollane skal førast på ein måte som synleggjer korleis generalforsamlinga sine vedtak vert følgde opp.
- Styret skal sjå til at selskapet behandlar eigarane likt.
- Eigarane forventar at styret set i verk internkontroll-arbeid med tiltak, rutinar og system som sikrar forsvarleg økonomistyring og oppfølging av internkontrollen i selskapet for å forhindre lovbrøt og korrupsjon.
- Styret skal gje anbefaling om utbetaling av utbytte som er på eit forsvarleg nivå sett ut frå selskapet sin likviditet og sitt investeringsbehov.
- Ved utviding av selskapet si verksemd til å kunne tilby andre typar tilleggstenester enn det selskapet tilbyr i dag, forventar eigarane at styret, i ein tidleg fase, sørger for å orientere eigarane i forkant av etableringa.

## Valkomit 

Selskapet skal bruke valkomit  ved oppnemning av styret. Valkomit en skal jobbe for ei styresamansetjing kjenneteikna av kompetanse, kapasitet og mangfald. Valkomit en sine innstillingar til generalforsamlinga skal vere grunnjevne.

## Ut ving av eigarskap

Gjennom eigarskapet i Skyttel AS vil fylkeskommunane vere med p    legge grunnlaget for at det skal vere norske akt rar i utferdarmarknaden, sidan Skyttel AS, gjennom dotterselskapet SkyttelPASS AS, f rebels er eit av f  norske godkjente utferdarselskap. Selskapet er vidare med p    utvikle teknologiske l ysingar innan innkrevjingssektoren, noko som p  sikt vil gje effektiviseringsgevinst. F rem let med eigarskapet er elles finansielt.

Fylkeskommunane tek sikte p    vere stabile og f reseielege eigarar i Skyttel AS, s  lenge eigarskapet er f rem alstenleg. Eigarane vil ut ve eigarskapet i formelle organ i samsvar med aksjelova. I tillegg  nskjer eigarane   etterleve KS sine anbefalingar om at det jamleg vert halde eigarm te, og det vert lagt opp til minst eitt eigarm te kvart halv r, der dei valde eigarrepresentantane m tes for   dr fte selskapet si verksemd og utvikling. Eigarm ta skal bidra til   sikre god eigarstyring og kommunikasjon med selskapet, som igjen vil gje ei koordinert og heilskapleg eigaroppf lging.

Dato for ordin r generalforsamling skal varslast tre m nader f r m tet. Vedtektsendringar og andre saker som krev politisk behandling skal varslast to m nader f r m tet. Selskapet sitt styre kallar ogs  inn til eigarm ta, og skal varsle eigarane om tidspunkt (dato) i god tid f r m tet.

Gjennom samarbeid med kvarandre og med selskapet sin valkomit  skal eigarane sikre at selskapet sitt styre har den rette kompetansen til   styre selskapet p  best mogleg m te.

## Resultatm l

Eigarane har f lgjande resultatm l for selskapet:

- Skyttel skal hevde seg i konkurransen med andre selskap i marknaden, og bli leiande utferdarselskap i landet
- Forsvarleg effektivisering gjennom utvikling av teknologiske l ysingar innan transportsektoren/innkrevjingssektoren
- Selskapet skal ha positiv  konomisk utvikling og betale utbytte til eigarane
- Skyttel skal jobbe for eit godt omd me som samfunnsakt r og hos kundane.

## Rapportering

To-tre gonger i  ret skal selskapet rapportere til eigarane om mellom anna:

- finans og  konomi
- marknads- og konkurransesituasjon
- teknologisk utvikling og effektiviseringsgevinstar
- strategiar og planar
- aktuelle saker om samfunnsansvar og etikk
- resultat fr  eventuelle brukarunders kingar og liknande, og klagesaksbehandling (differensiert).

Rapporteringa kan skje skriftleg eller munnleg overfor eigarane sine eigarorgan.